



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Smøla kommune

Tilsynsdato: 06.11.2019

Rapportdato: 24.02.2020

Innhold

| | | |
|----------|--|----------|
| 1 | BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.1 | FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG..... | 3 |
| 1.2 | PÅLEGG OM GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.3 | TILSYNSTEMA | 3 |
| 1.4 | GRUNNLAGSDOKUMENTASJON..... | 4 |
| 1.5 | GJENNOMFØRING | 5 |
| 2 | HOVUDINNTRYKK | 6 |
| 3 | RESULTAT FRÅ TILSYNET | 7 |
| 3.1 | AVVIK | 7 |
| 3.2 | MERKNADER | 8 |
| 4 | VIDARE OPPFØLGING | 9 |

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

| | |
|--|---|
| Tidspunkt for tilsynet: | 20.09.2019 (formøte) 06.11.2019 (tilsyn) |
| Adressa til kommunen: | Postboks 34, 6571 Smøla |
| Kommunennummer: | 1573 |
| Kontaktperson i kommunen: | Jørn Lie |
| Fylkesmannen sitt tilsynslag: | Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er skriven av: | Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er godkjent av: | Stine Sætre |
| Førebels tilsynsrapport sendt: | 31.01.2020 |
| Endeleg tilsynsrapport sendt: | 24.02.2020 |
| Kommunen sin frist for oppfølgingsplan: | 06.04.2020 |

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Smøla kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til Fylkesmannen før tilsynet:

| Nr. | Dokument | Datering |
|------------|---|-----------------|
| 1. | Overordnet ROS-analyse Smøla kommune 2014 | Ikkje datert |
| 2. | Styringsdokument kommunal beredskap | Ikkje datert |
| 3. | Beredskapsplan Smøla kommune | 25.09.2014 |
| 4. | Planstrategi Smøla kommune | 23.06.2016 |
| 5. | Kommuneplan 2007 – 2019 Samfunnsdel | 06.02.2007 |
| 6. | Plan for helsemessig og sosial beredskap Smøla kommune | 00.08.2009 |
| 7. | Pandemiplan for Smøla kommune | 01.07.2009 |
| 8. | Plan for massevaksinasjon mot pandemisk influensa i Smøla kommune | 14.08.2009 |
| 9. | Smittevernplan for Smøla kommune | 00.00.2009 |
| 10. | Beredskapsplan mot akutt forurensning | 00.00.2007 |
| 11. | Sikkerhet og beredskap i vannforsyningen | 16.12.2016 |
| 12. | Brannordning med kartlegging og vurdering av risiko | 29.10.2009 |
| 13. | Brannsikringsplan Veiholmen | 19.10.2009 |
| 14. | Avtale om Nordmøre interkommunale Brann- og Redningstjeneste – NIBR | 00.12.2018 |
| 15. | Beredskap i hjemmetjenesten – Smøla kommune | 29.01.2016 |
| 16. | Referat frå møte i beredskapsledelse, beredskapsråd og krise og omsorgsteam | 12.02.2019 |
| 17. | Møtereferat fra evaluering av beredskap/kriseteam | 30.01.2017 |
| 18. | Møtereferat fra av beredskap/kriseteam | 31.03.2016 |
| 19. | Brann Smøla Ungdomsskole – Møte med ansatte | 24.04.2016 |
| 20. | Evaluering øving fårikål 2019 | 30.09.2019 |
| 21. | Rapport hendelse 1. desember 2018 | 03.12.2018 |
| 22. | Brann Smøla Pensjonærheim – referat 27.12.2016 | 29.12.2016 |
| 23. | Brann Smøla Ungdomsskole – referat 18.04.16 | 24.04.2016 |
| 24. | Brann Smøla Ungdomsskole – møte kl 12.00 | 25.04.2016 |
| 25. | Brann Smøla Pensjonærheim – møtereferat 27.12.2016 | 29.12.2016 |
| 26. | Pressemelding frå Smøla kommune – brann Smøla Ungdomsskole | 25.04.2016 |
| 27. | Referat frå beredskap ved orkanen – Tor 29.01.16 | 29.01.2016 |

1.5 Gjennomføring

Formøte med Smøla kommune vart gjennomført 20.09.2019. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 06.11.2019. Kven som deltok går fram av tabellen under.

| Deltakarar | Stilling | Formøte | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|------------------------|------------------------|----------------|--------------------|-----------------|------------------|
| Roger Osen | Ordførar (avtroppende) | X | | | |
| Svein Råksvåg | Ordførar (påtroppande) | | X | X | X |
| Birgit Iversen Echhoff | Rådmann | X | X | X | X |
| Jørn Lie | Beredskapskontakt | X | X | X | X |
| Stine Sætre | Fylkesberedskapssjef | | X | X | X |
| Atle Morsund | Rådgjevar | X | X | X | X |

2 Hovudintrykk

Mange av elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Den heilskaplege ROS-analysen er frå 2014 og er forankra i kommunestyret. Vi kan ikkje sjå at analysen er revidert i etter førre tilsyn 20.05.2015. Det betyr også at den ikkje vart revidert i førre planperiode/ kommunestyreperiode slik lov- og forskriftskrava legg opp til. Kommunen har ikkje følgd sin eigen plan om å rette opp avvik etter førre tilsyn. Det manglar difor fortsett ei vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar, og ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering. Det går ikkje tydeleg fram av analysen korleis relevante offentlege og private partar har vore invitert til arbeidet med heilskapleg ROS-analyse. Ved neste rullering anbefaler vi kommunen å vurdere om risiko/aksept-kriteria for liv og helse er rett for Smøla kommune på nytt.

Det manglar ein prioritert handlingsplan for å følgje opp funna i ROS-analysen, der det går fram korleis kommunen vil arbeide for å redusere uakseptabel risiko. Vi finn ikkje at oppfølging av funna og tiltaka i ROS-analysen er forankra i langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, i det overordna planverket til kommunen. Prosedyrar og arbeidet med heilskapleg ROS er i nokon grad beskrive i kommunen sin planstrategi frå 2016. Kommuneplanen sin samfunnsdel er frå 2007. Den gjev tydelege føringar for at kommunen skal arbeide heilskapleg med samfunnstryggleik og beredskap. Det manglar forankring av korleis kommunen skal følgje opp funna i den heilskaplege ROS analysen frå 2015, og vi finn ikkje kommunen sine vurderingar av forhold som bør integrerast i planar etter PBL.

Beredskapsplanverket er frå mars 2014 og er ikkje oppdatert sidan, og oppfylle såleis ikkje forskriftskrava om årleg oppdatering. Plan for befolkningsvarsling er noko gamalmodig, medan det i styringsdokument for kommunal beredskap er beskrive at kommunen skal vurdere å ta i bruk elektronisk befolkningsvarsling.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon, og i styringsdokumentet går det fram at det er rutinar for årleg revisjon og oppdatering av planverk, og gjennomgang av planverket med kriseleiinga. Kommunen har mål om å øve på handtering av uønskte hendingar minimum ein gong kvart år. Vi finn rutinar for at kommunen skal evaluere både hendingar og øvingar, og vi finn evaluering av hendingar, men det manglar ein del på skriftlege evalueringar frå øvingar.

Vi ser at Smittevernplan, plan for helsemessig og sosial beredskap og pandemiplan alle frå 2009 ligg føre. Desse beredskapsplanane er alle lovpålagde, og vil være viktige verktøy i fleire av dei identifiserte hendingane i kommunens heilskaplege ROS-analyse. Vi gjer merksam på at desse kan verte gjenstand for kontroll ved neste tilsyn. Det ligg også føre plan for massevaksinasjon frå same år.

Potensiale for forbetring ligg mellom anna i at kommunen ved rullering av ROS-analysen må sjå til at relevante offentlege og private aktørar vert invitert til arbeidet med ROS-analysen. Vi rår til å bruke beredskapsrådet, slik det er beskrive i planverket. Det bør også vurderast om akseptkriteria for konsekvensar for liv og helse i analysen er tenlege for kommunen – og kanskje politisk forankre denne? For m.a. betre for å kunne utarbeide mål, strategiar og prioriteringar for dette fagområdet i overordna planverk bør kommunen lage ein prioritert handlingsplan etter funna i ROS-analysen. Kommunen bør vurdere å ta i bruk CIM og beskrive det i planverket. Varslingslister kan med fordel flyttast til CIM.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte tre avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Den heilskaplege ROS-analysen til Smøla kommune omfattar ikkje vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drifta ved uønskte hendingar og vurdering av behovet for befolkningsvarsling. Det manglar også ei beskriving av korleis relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med i arbeidet utarbeiding av ROS-analysen.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, tredje ledd, litra e og litra f.

Utdjupande kommentar:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 2 opp ei rekkje minimumskrav til kva ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal innehalde. Vurderingar av kommunen si evne til å oppretthalde verksemda under uønskte hendingar og evna til å gjenoppta verksemda etter hendingar er blant desse. Det same gjeld vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering. Det skal også inviterast breitt til arbeidet med heilskapleg ROS.

Avvik nr. 2

Smøla kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Utdjupande kommentar:

Smøla kommune manglar overordna forankring av mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet på dette fagområdet, med bakgrunn i funna frå den heilskaplege ROS-analysen.

Avvik nr. 3

Smøla kommune si heilskaplege ROS-analyse og beredskapsplanverk er ikkje revidert i trå med forskriftskrava. Det går ikkje fram av planverket at/om det er oppdatert etter etablering i 2014.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6.

Utdjupande kommentar:

Kommunen si heilskaplege ROS-analyse skal oppdataraste i takt med revisjon av andre kommunedelplanar, dvs. ein gong i kommunestyreperioden. Beredskapsplan skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum skal den reviderast ein gong pr. år.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1.

Kommunen bør:

- Kommunen bør passe på at ROS-analysen vert revidert snarast råd no etter at konstituering etter kommunevalet er gjennomført.
- Vurdere om risiko/akseptkriteria for konsekvenskategorien liv og helse i ROS-analysen bør justerast.
- Lage ein prioritert handlingsplan for oppfølging, når ROS-analysen er revidert.
- Revidere og utvikle styringsdokumentet for betre å støtte krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. «system» for opplæring.
- Beskrive betre rutinar for evaluering etter hendingar og øvingar (*i styringsdokumentet*), og bli betre på evaluering etter øvingar.
- Beskrive betre i planverket korleis kommunen skal bruke CIM, og etterleve det.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre: stine.saetre@fylkesmannen.no , 71258485 / 95224419.